

Kva som har hendt meg i dei siste 15 åra.

Eg vart pensjonist då eg var 67 år. Sidan har eg hatt det svært travelt med nettverkbogar. Det er den brutypen som eg fann på da eg heldt på med mitt diplomarbeid på NTH. Eg har halde foredrag om nettverkbogar i 50 land. Nettverkbogen sparer mellom ein tredel og to tredelar av den stålvekta som trengs i andre stålbruer. Mellom 100 og 200 nettverkbogar er bygde i omkring 25 land. Flest i Tyskland, USA og Japan.

Borna mine er i Danmark og skikkar seg vel. Helena (f. 1960) er lektor. John (f. 1963) har eit «headhuntingfirma». David (f. 1965) er avdelingsleidar for 180 tilsette i Teknologisk Institut. - Solveig, kona mi, leier Raude Krossen si besøksteneste i Grimstad. I 2013 fekk ho sitt fyrste barnebarn. Året etter kom det neste. Dei bur i nærleiken. Dei gjev mykje glede og mykje arbeid.

Eg har ein fin arbeidsplass på universitetet i Grimstad. Eg er der nesten kvar dag. Laurdag og sundag prøver eg å gå heim klokka tolv. - Helsa har vore god, men etter den tredje hofteoperasjonen har eg gått med krykker i over eit år. Operasjonar for grå stær har starta. - I 2013 fekk eg kongens fortjenestemedalje for min innsats som avdelingsleiar for dataavdelinga på Høgskulen i Agder og for mitt arbeid med nettverkbogar.

A couple of days ago I got an email from Ted Zoli, director of HNTB's bridge design office in NY. He says: "... it looks as if the network arches have been accepted by the industry as the way to do arches". Furthermore he says that 24 students at Columbia University do network arches in a final project. Small wonder that I go around wearing a big smile these days.



Nettverkboge i Gulen opna 2011. Spenn 220m. Det er den slankaste nettverkbogen i verda.



Den lengste nettverkbogen i verda vart opna over Ob i Sibir i 2014. Spenn 380m. Tre køyrebane i kvar retning. Putin opna brua. Sjå <http://eng.kremlin.ru./Transkripts/23060> Eg fekk ein takke-mail frå dei som hadde konstruert brua. Dei hadde ideen frå mitt foredrag i Moskva i 2007.

Far min visste mykje om slekt i gamle dagar. Han ville at me skulle høyra på han til me kunne det han fortalde utanåt. Det gjorde me ikkje. - I min sjølvbiografi skriv eg slikt minnest og slikt som eg kan finna om slekta. Eg skriv på nynorsk, men skulle kanskje ha skriva på engelsk. - I mi gravferd skal det visast eit innlegg med lysbilete som eg har laga. Så skal mi oske spreia i havet utanfor det ytste skjer i Grimstad. - Fleir opplysningar om meg og mit arbeid finst på mi heimeside: <http://home.uia.no/pert>.

Hjarteleg helsing

*Per Tveit* Juskestredet 4, 4876 Grimstad. Mob. 90986507.